



Nr. 2 1979

20. årgang

Løssalg kr. 5,-

# Landslaget for Språklig Samling

## Om bakgrunnen og situasjonen i dag

Av Magnus Angvik

### I DETTE NUMMERET:

**Om LSS historie og  
situasjon i dag**



**Om språkråd og  
språkstyring**



**Dialektreising**



**Finsk-norsk ordbok**



**Norskfaget i skolen**

*Som vi har nemnt tidlegare er folk rundt omkring på skoler og universitet i full gang med å skrive oppgåver og avhandlingar om LSS. Vi vil eiter kvart prøve å gi utdrag av desse arbeida, og startar i dette nummeret med ei utgreiing som Magnus Angvik har skrivi på Tromsø pedagogiske høgskole høsten 1978.*

Landslaget for språklig samling (LSS) — om bakgrunnen og situasjonen i dag.

#### *I Innleiing*

Det er særleg to grunnar til at eg har valt å skriva om Landslaget for språklig samling (LSS).

For det første er LSS ein liten organisasjon som gjennom fleire år no har hatt «den kompakte majoritet» mot seg, — både språkpolitisk og økonomisk. Ut frå ei veik kjensle av, og ein filosofi om, at majoriteten sjeldan sit inne med den heile og fulle sanninga, — kunne det difor vera interessant å setja seg litt inn i kva LSS stod for.

For det andre gjorde noko som Lars Roar Langslett sa om LSS meg interessert. Han meinte at det klaraste nederlaget for Vogt-komiteen var at den gav representasjon i norsk språkråd for «denne lilleputtforening for sproglig galematias».

Over til s. 3.



**LANDSLAGET FOR  
SPRÅKLIG SAMLING**

Postboks 636, Sentrum Oslo 1.  
Medlemspenger, kr. 30,— pr. år.  
Postgiro 5163787

Leiar: Thore A. Roksvold  
Lutvannsv. 17  
Oslo 6  
Tlf.: (02) 26 85 54

## Vi ser bakover – arbeider framover

Det er 20 år sia LSS blei stifta. Angviks artikkel gjør greie for LSS's historie. Språksituasjonen i dag viser at det er nødvendig med en organisasjon som LSS. Så er spørsmålet åssen en skal vinne fram med det LSS står for. Det er gjort solid arbeid med det teoretiske og det er viktig å følge opp med praksis. Den læreboknormalen vi har, gir muligheter for å skrive talemålsnært. Det gjelder både nynorsknormalen og bokmålsnormalen. I situasjoner hvor det ikke er nødvendig å bruke offisiell rettskrivning, kan en med fordel gå lengre i talemålsnærhet.

Vi må ikke bare kjempe for å bevare de radikale formene i bokmålsnormalen. Vi må kjempe for at mer blir tillatt. Her er det viktig å få inn i-partisippet i verbbygginga (former som skrivi, biti). Nynorsk har valgfritt biti el. bite. Bokmål burde og ha i som valgfri form. Her dreier det seg ikke om enkeltord, men om et system som gjelder mange ord, nemlig alle sterke verb. Det er fortvila at bokmålet ikke tillater et så utbredt bøyningssystem. Men det er ikke forbudt å bruke i-forma i alle de sammenhengene som ikke krever at en følger læreboknormalen for bokmål.

Det er ikke språkrådsmedlemmene aleine som skal avgjøre språkpolitikken. Vår egen språkbuk er óg avgjørende. Språkrådsmedlemmene har langt på vei representert seg sjøl språklig sett. Språkrådet har et flertall av *menn*, og mange av dem har fått si første morsmålsopplæring etter 1917-rettskrivinga. Det setter nok sitt preg på de språkråda de gir.

Vi må stå på som aldri før og kjempe for folkemålsformer både de godkjente og de ikke godkjente. Det er framfor alt viktig at vi bruker dem.

TG

## Debattmøte om språkrådsvedtaka

Ivar Grotnæss frå Landslaget for språklig samling fekk både første og siste ord (åpningsinnlegg og avslutningsreplikk) på eit debattmøte i Oslo om vedtaka i bokmålsseksjonen i Språkrådet. Grotnæss tok del i eit panel saman med Ingrid Amundsen frå Noregs Mållag, K. E. Steffens frå riksmålsida og Trygve Bull.

Grotnæss la i innleiinga si stor vekt på at Språkrådet hadde ignorert LSS sitt krav om at rettskrivingsendringar nå må bygge på ei vitenskapelig gransking av språkutviklinga dei siste tiåra. Itte berre var saksbehandlinga mangelfull, sjølve vedtaka er i strid med vedtektene for Norsk språkråd, meinte Grotnæss. Itte minst er det ille at Språkrådet nå kan tenkje seg å åpne også læreboknormalen for konservative riksmålsformer. Det har Språkrådet lov til, meinte Steffens. Han la elles vekt på at «liberaliseringsvedtaka» var fatta i eit råd som er demokratisk og representativt sett saman.

Heller itte Bull meinte vedtaka ville skade norsk språkutvikling. Vi ville itte komma til å oppleve noe skred i retning av konservativt bokmål. Folk er stort sett fornøgde med språket i lærebøkene vi har. Faren for eit skred er dessutan liten dersom det er tæl i folkemålsrørsla, peikte han på.

Amundsen meinte målfolk itte burde vera likeglade med åssen bokmålet blir sjåande ut.

Debatten viste óg at møtet stort sett hadde samla målfolk som meinte at bokmålet itte måtte segle sin egen sjø. Folk frå LSS tok også del i debatten etter panelinnlegga. Samnorsktanken fekk alt i alt god støtte på møtet.

Thore A. Roksvold.

**MELD DEG INN I LSS!**

**FRAM FOR FOLKEMÅLET!**



Enn om formannen i Kirke og undervisningskomiteen i Stortinget tok feil? Den tanke både lokka og skremte. Kunne det ikkje beint fram vera slik at LSS og den tradisjonen og det språksynet den organisasjonen står for, måtte med i språkrådet? Ja, at det ville vera eit nederlag om dei ikkje kom med? For det er vel slik at heilt sidan statsmakta her i landet tok til å interessere seg for språkpolitikk i førre hundreåret, etter vi vart fri frå Danmark, så har arbeidet i store drag gått ut på å skape eitt skriftspråk mest mogleg i samsvar med talemålet i by og bygd. Dette har vore sjølve grunnprinsippet for alle dei offisielle språkpolitiske tiltaka. Og dette målet har vi da og kome nærare etter kvart, enda om sterke konservative krefter har stått imot. Vogtkomiteen i 1960-åra, og Norsk språkråd som denne komiteen kom fram til, er etter det eg kan forstå, det første brotet med den offisielle norske språkpolitikken til da, — folkemålslina.

Norsk språknemnd, som no vart sparka til side, skulle arbeide for sameining av dei to språkformene «på norsk folkemåls grunn». Norsk språkråd hadde ikkje noko om dette i sine retningsliner. Kva var det så som hadde skjedd, — og kvar stod det største og avgjerande partiet, Det Norske Arbeiderparti? Kvar stod Noregs Mållag og Riksmålsforbundet? Og kvar kjem «denne lilleputtforening for sproglig galematias» inn i biletet? Spørsmåla er mange, og det kan verta vanskeleg å finna svar på dei.

Det er nok lett å rota seg for mykje ned i historisk stoff i ei slik oppgåve. Men sjølv om hovudoppgåva mi er å gjeve eit bilete av LSS i dag, så er det nok likevel naudsynt å taka historia noko til hjelp. Kanskje er det slik at det er umogleg å forstå LSS i dag, utan å gå til historia for å få svar.

## II Østlandsk reising (1916—1926) og LSS

Det kan m.a. vera vanskeleg å skriva om Landslaget for språklig samling, utan å ta med nokre ord om Østlandsk reising (Ør.) Til no er dette den største samnorskrørsla som har vore i Noreg. Men mange legg nok likevel noko anna i omgrepet samnorsk i dag enn det folka i Østlandsk reising gjorde. I dag har ordet samnorsk fått noko nedsetjande og skjellsordprega over seg. Propagandaen har makta det. For Østlandsk reising var samnorsk det fellesnorske, — det vi hadde sams. Og her kunne ikkje austnorsk haldast utanfor. Det måtte tvert om verta det samlande grunnlaget for språket i heile landet. Først når ein bygde meir på austnorsk språkstoff enn det Aasen hadde gjort, kunne ein kanskje nå fram til eit skriftmål som kunne samla heile landet, meinte dei. Eit slikt syn måtte naturleg nok vera hår i suppa for Vestmannalaget og andre. Men om

Ør. nok gjerne så at dei to skriftmåla vart eitt, så var dei imot at dette skulle skje på ein teknokratisk måte, ved at ein reint mekanisk tok noko frå landsmål og noko frå riksmål. Det var dialektane, — talemålet i by og bygd, som skulle vera grunnlaget. Det er interessant å sjå i kor stor grad dette synet også har gjenomslagskraft i språkdiskusjonen i dag. (Dette kjem eg nærare inn på i kapitlet om LSS/NM.)

Kva mål var det så Ør. sette for arbeidet sitt? Her kan det nok vera vanskeleg å gjeva eit heilt eintydig svar. Kanskje er det rett å seia at det heller ikkje var so heilt lett for rørsla sjølv å formulera eit generelt program. Faktum er i alle fall at det først i 1918, to år etter stiftinga, vart lagt fram eit program der det heiter:

«Østlandsk reising det er å vekke østlendingen til nasjonalt aa kjenne og ære sig sjøl. Vi maa bli gla i bygdene vaare, verne om all arv fraa fedrene, i arbeidsliv, husliv, i sed og tale. Vi maa reise tanken om at morsmaalet her øst er fullgod norsk tale, saa ingen trenger knote, enten det nå er «riksmaal» eller «landsmaal». Østlendingen skal kjenne det som ei ære og ei glede aa eie og bruke maalet sitt, hime og i byn like godt. Vi mener at paa denna maaten jamner vi veien til et sams norsk maal. Paa østlandsgrunn, og bare der, kan landsmaal og riksmaal møtes.»

Her ser vi at målet for Ør. famner langt vidare enn berre språket, men sjølv språkspørsmålet vart likevel det sentrale. Ernst Håkon Jahr peiker i innleiinga til antologien «Østlandsk reising» (Oslo 1974) på at dei tre «spissane» i reisinga hadde forskjellige utgangspunkt og hovedsiktemål. Han skriv:

«For Koht var det snakk om ei språklig klasse-reising, for Berggrav om personlig frigjøring og sjølstendiggjøring av enkeltmennesket og for Seip var det viktigst å få løst språkproblemet i Norge. Koht og Berggrav var språkieologiske arvtakere etter Olaus Fjørtoft, Seip etter Moltke Moe.»

Men Ernst Håkon Jahr seier òg:

«Økt status for østlandsmåla og skriftspråksamling på grunnlag av dem, peker seg ut som hovedprogram for Ør. i det lederne skreiv og sa i 1916.»

Landslaget for Språklig samling legg i dag vinn på å knyte trådane tilbake til Ør. Det kan vera fleire grunnar til det. For det første gjev det ein ung organisasjon styrke at han har lange røter i norsk språkhistorie. Organisasjonen byggjer ikkje på døgnflugeliknande



tankar. For det andre vil ein organisasjon som har tankegodt og idear frå åndshøvdingar som Eivind Berggrav, Halvdan Koht og Didrik Arup Seip vera vanskeleg å avvisa berre med ei skuldertrekking. Deira faglege tyngd m.a. forbyr det. For det tredje har nyare språksosiologiske granskingar vist at mange av dei tankane Ør. bygde på når det gjaldt språket som maktfaktor, — og som faktor i sosial reising, var rette. Men viktigaste grunnen synest likevel å vera å presisera det samanfallande synet på folkemålet som det samlande. Liksom Ør. er LSS i dag imot tekniske løysingar på språkspørsmålet ved ei samanskuring av bokmål og nynorsk. Men det er likevel dette samnorsk, og samnorskfolka, blir kritisert for både frå konservativ bm.- og nn.- hald. I dag må vel dette nærmast vera å tala om snøen som fall i fjor (eller før landsmøtet 77). Rett nok har LSS utarbeidd ein samlenormal, men arbeidet med å få han godkjent er heller lågt prioritert i dag. Ja, eg har faktisk ei kjensle av at sterke krefter innanfor organisasjonen meiner at arbeidet med samlenormalen var noko som godt kunne vore ugjort. Lars S. Vikør seier i Språklig Samling 1/76 s. 11 om dette:

«Arbeidet med samlenormalen tok til i 1960, året etter at læreboknormalen kom og LSS vart skipa (og vart avslutta i 1966), og speglar av det målpolitiske klimaet på den tida: det var rettskrivingsspørsmåla som dominerte språkstriden. Riksmålsforbundet var på offensiven og hadde tvinga språknemnda til å ta et halvt steg attende på tilnæringsvegen i læreboknormalen av 1959. På den bakgrunn var det naturleg at skiparane av LSS såg ett konkret samnorsk rettskrivingsframlegg som den beste måten å markere seg på i striden. I dag er situasjonen heilt annleis, og det må vera rett å hevde at laget tok til i galen ende da det starta med rettskrivingsarbeidet.»

### III Samnorskpolitikken og Det norske arbeiderparti (DNA)

Som alt nemnt i innleiinga, ser det ut som om oppnemninga av Vogt-komiteen og etableringa av Norsk Språkråd, representerte eit brot med det som tidlegare hadde vore offisiell norsk språkpolitikk. Eg kan ikkje her gå i detaljar om kva som kan vera årsakene til denne kursendringa i DNA, men kort skissere utviklinga og peike på tilhøve som kanskje har spela inn. Det vil truleg og hjelpa oss til betre å forstå innstillinga til «samnorsk» i dag, — og dermed og til LSS.

Da DNA kom inn i rikspolitikken, vart partiet møtt av sterke anti-sosialistiske og nasjonalistiske krefter i målrørsla. Høgre var da, som nå, riksmålspartiet. Med reaksjonære drag både i målrørsla (Gula Tidend m.a.) og i riksmålsrørsla, var det naturleg at DNA, før det var sterkt nok og fekk si eige line i språkstriden, vart nøytral i striden mellom landsmål og riksmål.

Seinare måtte partiet ta ei avgjerd. Det skjedde da dei atten stortingsmennene frå DNA vart tunga på vektskåla i spørsmålet om rettskrivingsforma frå 1917 skulle få lov til å leva vidare. I den diskusjonen som da gjekk føre seg i DNA, vart Halvdan Koht ein sentral person. I stor mon fekk synet hans gjennomslagskraft. Det ville vera ei kulturvinning for arbeidarane å få eit skriftspråk som var normert etter deira tale og ikkje etter overklassen sin tale, meinte han. Men det ville òg vera eit naturleg ledd i den sosiale reisinga. Denne debatten frå omlag 1920 og utetter, førte ikkje til at partiprogrammet til DNA vart brigda. Men i 1936 blei det programfesta at partiet skulle arbeida for «breiare plass for folkemålet». I 1937 vedtok AUF denne formuleringa i sitt program:

«Det arbeides for en utvikling av et samnorsk sprog på folkemålets grunn.»

Den nye rettskrivinga som vi fekk i 1938, kan vi vel i stor mon sjå på som eit resultat av den analysen av språkspørsmålet som DNA hadde kome fram til frå omlag 1920 og utover. Her er det, etter mi mening, viktig å slå fast at talemålet til overklassen, det som ofte vert kalla «dannet tale», ikkje lenger i prinsippet skulle vera overordna andre tale-språkvariantar slik det hadde vore før, og slik det er i mange andre land. Det DNA og AUF la i ordet «samnorsk» på denne tida, korresponderte med det vi tidlegare har vore inne på som synet i Ør. Det var eit skriftspråk som i størst mogleg grad spegla av talemålet til vanlege menneske i by og bygd, som var målet.

Etter krigen skifta ordet «samnorsk» tyding. Det kom meir og meir til å stå for ei mekanisk samrøre mellom nynorsk og bokmål. Det var teknokratiske og økonomiske årsakar som no låg òg bak, — ikkje sosial-politiske. Og spørsmålet kunne løysast administrativt gjennom «samnorsk» som ei blanding av den nynorsken og det bokmålet ein hadde. Ei aktiv folkemålsline tufta på ei sosial språkforståing, var ikkje lenger lina, — og kunne heller ikkje vera det i det parti som hadde gjeve kapitalen litlefingeren og difor korkje var særleg «sosialt» eller sosialistisk lenger. DNA hadde endra seg, og språkpolitikken til partiet måtte gjera det same. Partiet fekk mindre og mindre lyst til



å kjempa for folkemålsprinsippet. Og foreldre-reaksjonen, diverse domsavgjerdslar (Smebye-saka m.a.) og Riksmålsforbundets harde kamp, fekk partiet til å bøye av. Vi fekk Vogt-komiteen og Norsk språkråd. Ein avpolitisert språkstrid eller språkfred, var det som tjente partiet best.

Slik eg ser det, var hovudgrunnen til omslaget i språkpolitikken til DNA etter krigen, rein opportuniste. Dei hadde ikkje lenger tru på at folkemålsprinsippet var liv laga og hadde støtte i eit fleirtal i folket. Det kunne beint fram verta farleg for partiet om det framleis heldt fast på den lina som m.a. Koht hadde staka ut før krigen. Dei kunne tape verdifulle røyster på det. Og Halvdan Koht (saman med Nygaardsvold) vart da òg ein mykje redusert maktfaktor i DNA etter krigen. Undersøkingsskommissjonen av 1945, og den borgarlege propagandaen i det høvet, gjorde sitt til det. Når DNA braut med den språkpolitikken partiet tidlegare hadde gått inn for, — eller freista vera meir nøytral, så kom vel ikkje det berre av opportuniste enda om det var hovudgrunnen. I ei oppbyggingstid etter ein krig fanst det viktigare oppgaver å kjempa for enn å krangla om bøyingsformer og endingar. Og språkstriden vart nettopp etter kvart ein grammatikk-krangel der språkieologiske og språksosiale tilhøve ikkje vart teke opp i det heile. Og i denne språkstriden var det dei konservative kreftene som hadde initiativet. At dei òg fekk god hjelp av stivbeinte språkkonsulentar, teknokratar og paragrafryttarar i statstenesta og elles, er ei anna sak. Dei vart mot sin vilje, ofte flittige vedberarar til kjettarbålet som Riksmålsforbundet meinte skulle gjera slutt på det som hadde vore offisiell norsk språkpolitikk gjennom hundre år, — ein samnorskpolitikk tufta på folkemålet. Og striden «for ekte folkemål» som Arbeiderpartiet hadde programfesta, kom aldri. DNA hadde vorte eit reint administrativt reformparti. I språksaka hadde partiet gått sirkelen rundt — og no beit det seg sjølv i halen. Store grupper innan DNA kunne nok i 1950—60-åra gjera stortingsmann Vraa sine ord frå 1906 til sine:

«Det er likegyldig enten vi sier gryten eller gryta, hovedsaken er å ha noe i gryta.»

Det språkmedvetet partiet hadde nådd fram til i 1920—30-åra, hadde gått tapt.

#### IV Noregs Mållag (NM) og Landslaget for språklig samling (LSS)

Det er vel rett å seia at LSS har spela ei langt meir anonym rolle som språkorganisasjon enn Riksmålsforbundet (R) og NM. LSS har i periodar vore «observatør på sidelina»,

som Knut S. Vikør seier det. Det kan vera fleire grunnar til det. Ikkje minst har vel eit noko uklårt og ambivalent tilhøve til målrørsla spela inn. Stiftinga av LSS i 1959, arbeidet med samlenormalen og målsettinga om å sameine dei to målformene i Noreg på ein heller mekanisk måte, — alt vart sett på som trugsmål mot nynorsken. LSS kom difor under dobbelt ild, og særleg var det dei konservative fløyene innan R og NM som bar ammunisjon. At desse to gruppene fann kvarandre i motstanden mot LSS og samnorsk var elles naturleg nok. Dei hadde gjort det same tidlegare i motstanden mot Østlandsk reising, og det denne organisasjonen stod for og arbeidde for.

At Riksmålsforbundet og LSS er, og alltid har vore bitre motstandarar, er ikkje så vanskeleg å skjønne. Anten LSS gjekk inn for samnorsk som eit produkt av ei samansmelting av bokmål- (riksmål-) og nynorsk-former, — eller som eit framtidig produkt først og fremst tufta på folkemålet i by og bygd, så måtte dette føre til konfrontasjon med Riksmålsforbundet. Der i garden er korkje smeltedigelen eller eit «vulgært folkemål» gangbar mynt.

Verre er det å skjønne motsetningane mellom NM og LSS i dag slik den har kome fram m.a. i Dag og Tid for ei tid sidan. Kanskje finn vi noko av forklaringa ved å sjå litt nærare på kva dei to organisasjonene har tufta arbeidet på tidlegare, kva ideologiar som har vore dei berande i målreisingsarbeidet til dei to organisasjonane. Eit sentralt spørsmål her er kva rom folkemålet, dialektane, skulle ha. Alt så tidleg som i 1885 kunne O. J. Høyem i Opplandenes Avis formulere dette slik:

«Spørsmålet er om Bog og Skrift skal regjere Tungen og Livet, eller om Livet og Flertallets talende Tunge skal regjere og afgjøre, hvad Form og Maal Bog og Skrift skal bruge.»

I landsmålskrinsar vart det i førstninga helst Aasen og Hægstandnormalen og ikkje «Livet og Flertallets talende Tunge» som rådde grunnen. Den nasjonale ideologien som la avgjerande vekt på det spesifikt norske og/eller gammalnorske, dominerte. Og i dei første åra var lina i målreisingsarbeidet å kjempa fram Aasen-normalen til offisiell jamstelling med «det almündelige Boksprog». Seinare har det vore reell jamstelling for nynorsk som har vore målet, og då helst ut frå argumentasjonen at i Noreg burde ein skriva norsk, ikkje dansk. Og norsk, det var nynorsk slik vi hadde han frå Aasen si hand. Vart berre Aasen-normalen teken i bruk, meinte ein dette ville føre til siger for folkemålet. I målrørsla var det likevel ved sida av dette heile tida ein sosial-radikal ideologi som bygde på dialektane. Olaus



Fjørtoft, O. J. Høyem og fleire ville bygge meir på det målet som vart tala i samtida. For dei som hevda dette synet, vart normalen til Aasen ikkje noko som var ferdig ein gong for alle, men måtte endrast og då slik at han vart meir samlande for heile landet (Jfr. Ør.).

Desse to ideologiane, kort skisserte her, har levd side om side i NM heilt fram til i dag. Men det er vel likevel rett å seia at den nasjonale høgnorsklina, kanskje noko aristokratisk og overklasseprega, har dominert NM i lange periodar. At dette har hatt avgjerande betydning for arbeidarrørsla si stilling til målrørsla, er like klart som naturleg. Like klart er det at ei fastfrysing av nynorsken i ein heller vestlandsprega normal, stengde ute eller passiviserte store grupper og landsdelar. Høgnorsklina i NM måtte føra til strid med LSS.

På den andre sida var det trekk ved LSS som ikkje berre kom i konflikt med høgnorsklina i NM, men òg med folkemålslina der. Eg tenkjer her på at LSS med ein viss rett kunne takast for, og vel i grunnen var, ein språkteknokratisk organisasjon. Dessutan vart nok òg LSS for mange nynorskfolk ein organisasjon som stod for den samnorskpolitikken som hadde gått så hardt ut over nynorsken, (t.d. i 1938) men som gav så lite i vederlag.

Men er det som her er sagt om NM og LSS, situasjonen også i dag? I Ventil nr 3/1975 seier Ernst Håkon Jahr m.a.:

«I dag er det den sosial-radikale ideologien som for første gang i målrørsla historie dominerer og styrer målreisingsarbeidet i landet. Dette gir seg utslag i at dialektreising har førsteprioritet. At det er ei heldig utvikling, skulle framgangen og den økte tilslutninga de siste åra gi klar beskjed om (....). Det er imidlertid viktig å ha klart for seg at målfolk og radikale bokmålsfolk i dag har felles interesser. Begge har framgang for folkemålet som program, begge vil arbeide for den språklige frigjeringa av vanlige folk her i landet. Og begge grupper har samme motstander: det konservative overklassemålet som fortsatt dominerar overalt der overklassen bestemmer direkte.»

LSS fekk nytt prinsipp-program i 1977. Det nye programmet understrekar at arbeidet med og for talemåla er viktigast, og at skriftspråknormeringa er underordna dette arbeidet. Det er full fridom for alt talespråk i landet som er det viktigaste målet for LSS i dag. At så denne fridomen i ei fjern framtid vil danne grunnlaget for eit samnorsk skriftspråk, skulle ikkje kunne truga NM. Det skulle vel tvert om vera i samsvar med kva dei òg har som mål for arbeidet sitt. Men som Geirr Wiggen seier i Språklig Samling nr 4/75:

«Dette har klar brodd mot all språk-aristokratisk framferd, enten den nå kommer fra riksmålshold (som alltid) eller fra høgnorske og/eller Stalin-forvirra enkeltmedlemmer i Norges Mållag.»

Striden mellom NM og LSS i Dag og Tid, kan sikkert ha ulike grunnar, men eg trur likevel at han i stor mon kjem av manglande kunnskap om kva motparten står for i dag, — eller så må det vera feil at «den sosial-radikale ideologien dominerer og styrer målreisingsarbeidet i NM.» Kanskje er vedtaket i Hammerfest Mållag om å ekskludere medlemmer av LSS eit tegn på det eine og det andre. Diskusjonen etterpå i Dag og Tid har synt, det vel mange visste frå før, at det innan NM framleis er sterke puristiske, høgnorske krefter. Kor sterke dei er, kan ingen seia i dag. Det er òg rett å seia at diskusjonen tyder på at NM og LSS stort sett har samanfallande interesser i motstanden mot riksmålsreaksjonen. Også i dialektreisingsarbeidet har dei to organisasjonane sams syn og interesser.

Når det gjeld synet på dialektane og kva rolle dei bør spela for skriftspråket, går skillelinene snarare innan NM, enn mellom NM og LSS. Det er vel m.a. rett å seia at Ivar Aasen-samarbeidet på reint prinsipielt grunnlag er usamd med dialektreisinga og meiner at berre dei mest «rotnorske» dialektane er gode nok til å kunna påverka skriftnormalen. Men at det òg er medlemmer i NM som meiner at Ivar Aasen-sambandet med sitt fjell-Noreg-romantiske høgnorskkrav direkte skader saka og NM, det har diskusjonen i Dag og Tid synt.

I striden for det nynorske skriftspråket vil dei to organisasjonane NM og LSS kunna arbeide saman i mange konkrete skolemålssaker. Men LSS vil òg arbeida for å endra og utvida bokmåls- og nynorsk-normalen for betre å koma viktige, folkerike landsdelar i møte. At dette òg er noko mange medlemmer i NM arbeider for, er ei anna sak.

Eit naturleg spørsmål for meg vert etter dette: Når LSS har så mange viktige samanfallande interesser med NM, — er det ikkje då rimeleg og fornuftig at dei går saman? For å sjå nærare på dette spørsmålet, er det naudsynt å ta for seg det nye prinsippprogrammet til LSS og med bakgrunn i det, freista få eit noko klårare bilete av kva LSS står for i dag.

#### V. Landslaget for språklig samling i dag

Som alt nemnt vedtok LSS nye lover og nytt prinsippprogram i 1977. Diskusjonen føreåt la opp til språkpolitisk analyse og til sjølvkritikk. I denne diskusjonen vart det eit sentralt spørsmål kva ein skulle leggja i omgrepet «samnorsk». Eg har tidlegare vore inne på det-



te, og også peika på korleis omgrepet har skifta karakter. Som ei oppsummering og ein konklusjon på debatten om dette spørsmålet, vil eg her berre sitera det Lars S. Vikør seier i Språklig Samling (SS) nr 3/1976 side 17:

«Etter mitt syn har det heile tida vore to klart åtskilte komponentar i samnorsktanken. Den eine er tradisjonen frå Moltke Moe, der «blodblandinga» er det vesentlege, og det berre er spørsmål om å la likeverdige språk- og kultur-tradisjonar flyte i hop slik at vi kan bli ein nasjon. Den andre tradisjonen, som Halvdan Koht var fremste eksponenten for, var meir av ei språkleg klassekampline: Koht ville samla arbeidarmålet i byane og bygdemåla i rettskrivinga for å sette dei opp mot overklassemålet. «Folkemålet grunn» var for han viktigare enn «samnorsk».

Desse to komponentane har for det meste ikkje lege i strid med kvarandre, fordi motstanden til ein sams ytre fiende, — riksmålsrørsla, — dominerte heile språkstriden. Men den allmenne politiske situasjonen etter krigen gjorde at Kohts line kom i bakgrunnen, og ei avpolitisert line kom i forgrunnen.» (Jfr. Kap. III)

Om samarbeidet mellom NM og LSS har Vikør følgjande å seia:

«Vi må halde fram med å bygge opp ein allianse med dei målfolka som står for dei same interessane som oss, men det går ikkje an akkurat no å seie kva former det best kan skje i»

Om samlenormalen og prinsippprogrammet seier han m.a.:

«Ein rettskrivingsnormal er i seg sjølv ei reint teknisk sak, og kan aldri vere meir enn eit middel for å nå eit mål som må formulerast politisk. Og det er det siste vi gjer i prinsippprogrammet.»

Kva for politiske formuleringar finn vi så i prinsipp-programmet for LSS?

I første paragraf vert det slege fast at Landslaget for språklig samling vil kjempa for språkleg samling av det norske folket ved å gjeva det folkelege talemålet i landet sosial og kulturell oppreising, og ved at det vert arbeidd for eitt samlande norsk skriftspråk bygd på folkemåla i bygd og by. Det er vel den siste setninga som først og fremst får fram distansen til NM. Dei meiner jo at vi alt har eit slikt skriftspråk. Elles slår LSS fast at dette samlande skriftspråket skal ha fridom i ordval og ha folkeleg uttrykksmåte. Fridom i ordval synest ikkje å vera noko stor merkesak for NM i dag. Det tykkjest tvert om vera så at mange ny-

norskfolk meiner det er ein fare for nynorsken, så trengd som han er i dag, dersom normalen blir for vid og lite fast.

Prinsippprogrammet for LSS peikar på at språkstriden i dag først og fremst er ein strid med sosiale motsetningar, der det konservative bokmålet er den viktigaste hindringa for å nå fram til ei felles folkeleg skriftform. Det er knapt nokon stor skilnad på synet til LSS og NM i dette, men mållaget har ikkje presisert desse to tilhøva så sterkt som LSS gjer det. — Også når det gjeld paragraf 3 i prinsippprogrammet til LSS, om retten til å bruka dialekten, motstanden mot talemålsnormering i skolen og privat språktvang i arbeidslivet, — så vil vel NM vera samd langt på veg. Men når NM likevel i sitt prinsippprogram har valt å lata vera å nemne direkte såvel som sosiale aspekt i språkstriden som privat språktvang i arbeidslivet, — så har vel det sine grunnar kanskje spesielt på det indre plan i organisasjonen.

Paragraf 4 og 6 i prinsippprogrammet til LSS har omlag same ordlyd som tilsvarende paragrafar i prinsippprogrammet til NM. Desse slår fast at det bør vera mest mogleg samsvar mellom skriftspråket i skolen og talemålet på staden og at nynorsk må få reell jamstilling på alle område. LSS har i paragraf 8 teke opp den faren som det anglo-amerikanske språkpresset er for norsk mål i dag, og i § 9 går LSS inn for at det må leggjast mykje større vekt på å få norske ord og uttrykk inn i fagspråka. I prinsippprogrammet til NM er dette formulert på denne måten:

«Det er viktig at heimleg ordtilfang blir nytta på alle område, slik at vi kan stå oss betre mot utanlandsk språkpress og press frå bokmålet.»

Båe organisasjonane har omlag like formuleringar når det gjeld støtte til samane og andre språkminoritetar i deira krav. (NM § 5 og LSS § 11). I § 10 har LSS denne formuleringa om offentleg språkbruk:

«LSS vil arbeide for at det offentlige skal bruke folkelig mål, særlig i publikasjoner og anna informasjonsstoff.»

Det er lite truleg at folk flest, og slett ikkje NM, kan ha noko imot ein slik paragraf. NM har ikkje spesielt nemnt «offentleg språk», men som eg alt har sitert, meiner dei at det er viktig med «heimleg ordtilfang» på alle område. Det gjeld sjølvstøtt og offentlege publikasjonar og anna informasjonsstoff.

Den paragrafen i prinsippprogrammet til NM som klårast markerer distansen til LSS, er § 4. Det står det



«Noregs Mållag ser med velvilje på arbeidet med å få inn i bokmålet meir tilfang frå målføra. Likevel ser vi ikkje dette som nokon farande veg fram til eit skriftmål som byggjer på målføra.»

LSS meiner nok det er ein lang, men farande veg fram mot eitt skriftmål dersom både målformene tek opp i seg tilfang frå målføra. Men først må det folkelege talemålet i landet få sosial og kulturell oppreising, meiner dei. Av og til kan det sjå ut som om LSS meiner at alle skriftnormalar er ein fare i seg sjøl dersom dei ikkje er mest mogleg lik dialektane på kvar stad. Dersom dette synet vert følgt heilt ut, vil vi lett kunne få nesten like mange skriftnormalar som vi har dialektar. Da får vi språkleg kløyving og ikkje språkleg samling. For meg ser det ut som om LSS i sin iver etter å få markert ein ny folkemålsprofil, — og etter å få brote ein noko teknokratisk tradisjon, lett kan koma til å arbeida for det motsatte av det dei eigentleg vil. Ved å arbeida for eitt samlande norsk skriftspråk bygd på folkemåla i bygd og by, men utan å ta omsyn til dei skriftnormalane vi alt har, kan nok LSS dokumentera at dei definitivt har gått bort frå den teknokratiske vegen fram til samnorsk. Men det er nok òg dei som vil meina at dei då har teke inn på ein avveg, — ein veg som slett ikkje fører fram til eit sams norsk skriftmål. I diskusjonen om prinsippprogrammet til LSS kom òg dette synet fram. Magne Aksnes seier m.a. i Språklig Samling nr 2/76:

«Det LSS hittil har arbeidd for, er først og fremst eit offentleg samnorsk skriftspråk til bruk i skole og administrasjon. Det bør framleis være hovedoppgava. Dette betyr ikkje at vi på noen måte stiller oss utafør den mye omtalte folkemålsrørsla. Tvert om. Ei styrking av prestisjen til det folkelige talemålet i landet er ein uunnværlig del av arbeidet for eit samnorsk riksmål. Det er jo her snakk om to sider av samme sak.»

Det som vart konklusjonen på prinsippdebatten i LSS var at ein skulle prioritera arbeidet for det folkelege talemålet, — og at arbeidet med skriftspråket skulle koma i andre rekkja. Om skriftspråktradisjonane sa Magne Aksnes (SS 1/77) m.a.:

«Alle var vi enige om at samnorsken må bygge både på folkemålet og skriftspråktradisjonane. Dette med skriftspråktradisjonane er likevel så sjølsagt at det er unødvendig og taktisk uklokt å presisere det i prinsippprogrammet for eit lag som vårt. Ingen, heller ikkje i LSS, ønsker å bygge opp eit skriftspråk på bar bakke.»

Ei noko nøgnare gjennomgåing av prinsippprogrammet for LSS har berre understreka kor nær NM denne organisasjonen står. Det at mange finn det naturleg å vera med i både organisasjonane samtidig, kan tyde på det same. Men dette viser vel òg at dobbeltmedlemene finn noko i den eine organisasjonen som dei saknar i den andre. Dersom det ikkje hadde vore så, hadde det ikkje vore turvande å stå i både organisasjonane.

Det desse nynorskfolka først og fremst saknar i NM, kan kort setjast opp i følgjande tre punkt:

For det første vil dei at NM også skal arbeide med bokmålet. Dei ser det konservative bokmålet som hovudfienden til alle folkelege språkformer her i landet, og meiner at ei positiv utvikling mot eitt sams mål best kan verta realisert ved at nynorsk får framgang som bruksmål, og ved at bokmål utvikler seg og legg seg nærare opp mot målføra. Dette vil vera ein stønad for alle dei folkegruppene som talar målføre, men får opplæringa si på bokmål (vel 80%). Her er det elles interessant, som ein digresjon, å leggja merke til at i mest alt som kjem frå NM om språk og språktilhøve, vert nemninga «bokmål» brukt om alt norsk skriftspråk som ikkje er nynorsk. Det blir sjeldan eller aldri nemnt at dette «bokmålet» er like mykje i strid med seg sjølv som med nynorsken. Å skjera radikalt bokmål og «riksmål» over ein kam, er etter det eg kan forstå, å sjå bort frå vesentlege nyansar.

For det andre saknar dei i NM ein større vilje til å arbeida for eitt norsk språk. Dei var imot at NM gjekk bort frå samnorskklina i 1968 og no proklamerar nynorsk som ein fullkomen samnemnar for alt norsk folkemål.

Ein tredje grunn til at enkelte nynorskfolk også er med i LSS, er at dei i NM saknar ein større vilje til å godta endringar i den nynorske skriftnormalen. Men slik eg les prinsippprogrammet til NM, så er ei slik endring av nynorsknormalen i takt med målføreendringane, teke med der. I § 3 står det:

«Det nynorske skriftmålet byggjer på dei norske målføra og samlar dei viktigaste draga deira i seg, — og må alltid gjera det» (understreka av meg). Nokon prinsipiell skilnad i synet på språknormalendringar skulle det difor ikkje vera, berre ein gradsskilnad.

Konklusjonen på denne oppsummeringa må då vera at det i dag er behov for LSS ved sida av NM. Dei to organisasjonane bør kunne utfylle kvarandre. Det gjeld språkpolitisk, men det gjeld kanskje òg i ein viss mon geografisk og sosialt. NM og LSS har likevel så mange samanfallande interesser, at eit samarbeid mellom dei er naturleg. Ein strid mellom desse to folkemålsorganisasjonane er sløsing av krefter.



Eitt samlande norsk språk er høgt opp og langt fram, — men ei samla målrørsle trur eg ikkje treng liggja så langt inn i framtida. Det er det likevel ikkje berre LSS som avgjer, — vel så viktig er her utviklinga innanfor NM.

VI Avslutning

I «Mål og Makt» nr 1, 1978 seier Ernst Håkon Jahr:

«.... så å seia alle dei som aktivt har studert språksosiologi og som har drivi sosiolingvistisk forskning i Noreg, er medlemmer i LSS eller stør det språkpolitiske synet vårt. Det tar vi som teikn på at vårt syn har noe for seg.»

Slik eg har forstått språksosiologien, legg den hovudvekta m.a. på variasjonane i språkbruken. — og dei normene desse variasjonane er styrte av (jfr. *Språknytt* nr. 4/77). Variasjon og språkleg samling, — det lyder som ei sjølv-motseiing, men er det kanskje ikkje likevel. Språksosiologien har i alle høve slege fast at holdningar til språk/dialektar ikkje oppstår av seg sjølv, men utviklar seg ut frå premissane til maktspråket. Ei oppvurdering av talemålet til folk i by og bygd, og ei utvikling av «maktspråket» i folkeleg lei, må difor naturleg føra til den språklege frigjering som språksosiologien peikar på som viktig. Her er det samanfall mellom språkpolitikken til LSS og språksosiologien. Det gjeld både midla, og målet.

Det er ofte slik at dei som står midt oppe i striden, får skylappar på seg og lite maktar å sjå «vranga og retta på veven» som A. O. Vinje seier det. Difor kan det vera lurt til slutt å sjå på kva ein utlending har å seia om norske språktilhøve. Den engelske språksosiologen P. Trudgill seier i boka si «Språk och sosial miljø» m.a.:

«Den norske situationen är klart ovanlig och många norrmän skulle hålla med om att den är mycket brydsam eftersom det är dyrt att i ett land med så liten befolkning trycka skolböcker och officiella dokument på båda språken och tidsödande för skolerna att lära ut bägge. Enligt min egen uppfattning, är det på många sätt en mycket bra situation eftersom den innebär att långt flera norrmän än vad som annars skulle vara fallet kan lära sig att läsa och, om de så önskar, skriva, tala och uttrycka sig på ett standardspråk som nära liknar deras egen varietet (den dialektala variation är mycket stor i Norge). Långt färre norska barn befinner sig därför i samma svåra situation som låglands-skottarna eller de svarta engelsktalande.»

Altså skal vi her i landet etter P. Trudgill si meining, ha «en mycket bra situation» også språkleg sett. Men det er likevel mange som vil freista å gjera situasjonen enda betre. Det får vi vone det vil vera i framtida òg. Språkfred er det vel helst teknokratane som vil ha, men språkfred vert så lett gravferd for folke-målet.

Litteratur

1. *Dag og Tid*, hausten 77/vinteren 77/78.
2. *Språklig Samling*. Alle nr frå og med nr 4/1975.
3. *Kontrast*, nr 1/1976.
4. *Mål og Makt*, nr 1/1978.
5. Geirr Wiggen (red.): *Ny målstrid*, Oslo 1974 (2. utg.).
6. Artikkelsamling frå *Språklig Samling: Vegene Fram*.
7. Peter Trudgill: *Språk och sosial miljø*. Stockholm 1976.
8. Leite/Lundeby/Torvik: *Språket vårt før og nå*.
9. *Ventil* nr 3/1975.
10. Ernst Håkon Jahr (red.): *Østlandsk Reising 1916—1926*, Oslo 1974.

## LSS LITTERATURPRIS til Olav Dalgaard og Kirsten Langbo

Landslaget for språklig samling har i år vedtatt å dele ut to litteraturpriser. Grunnen til dette er dels at laget ikke delte ut noen pris i fjor, dels for å markere 20-årsjubileet til organisasjonen i år. Sentralstyret vedtok 15. mars å gi prisen til *Olav Dalgaard* og *Kirsten*

*Langbo*. De får begge prisen for erindringsbøker, Dalgaard for *Samiid II* (Tiden), Langbo for *Heme hos oss* (Cappelen). Prisoverrekkinga foregikk i mai, og vi kommer tilbake med en fyldig omtale av prisvinnerne i neste nummer.



# HVA NÅ, LSS?

Av Tomas Hoel

Dette innlegget er skrivi for å sette et litt kritisk lys på arbeidsmåten vår i laget, nærmere bestemt på hvilke oppgaver vi arbeider med. Jeg skal kort prøve å skissere hva vi har oppnådd av resultater, og deretter vil jeg komme med et framlegg til målsetting for arbeidet framover. Innlegget er ment som ei oppfordring til diskusjon, og jeg håper jeg får reaksjoner på de tankene jeg tar opp her.

Når det gjelder arbeidet vårt i Språkrådet, har vi hatt liten suksess med å få godtatt forslaga våre om endringer i rettskrivinga (dette er ingen kritikk av representantene våre i Språkrådet; resultatene ville sikkert vært de samme uansett hvem representantene hadde vært). Vi har fått vedtatt endringer i skrivemåten av noen få enkeltord, mens f.eks. forslag om mer systematiske endringer i bøyinga av en del sterke verb ikke har gått gjennom (i-partisipper, -øy- i preteritum). Vi har altså oppnådd få positive resultater; derimot kanskje flere negative, viss vi kaller det negative resultater når vi virker som en bremsekloss på endringsforslag vi ikke er enige i. Negative resultater er likevel ikke det man helst vil ha; en bremsekloss aleine har jo aldri klart å få ei vogn til å bevege seg i ei ny retning.

Om resultatene i Språkrådet har vært magre, så er det en stor trøst at resultatene utafør Språkrådet — i form av interesse, velvilje, oppslutning om prinsippa våre o.l. — har vært atskillig bedre. Blant folk som stiller med språk er det anerkjent at LSS kan vise til solid sosiolingvistisk bakgrunn for prinsipp-programmet sitt, og dette gjenspeiler i medlemsmassen, som har stor faglig tyngde. At vi seiler i medvind, kan vi også se av at talle på både medlemmer og abonnenter stiger jamt, om enn ikke så voldsomt fort. Vi bør vel allikevel ikke tru at denne auken i sympati ene og aleine skyldes prinsippa våre. Det er nok sannsynlig at en stor del av framgangen skyldes den desentraliseringsprosessen som blei satt i gang under og etter EF-striden, der motsetninga mellom de styrende og de styrte kom klart fram. Vi kan i alle fall tolke det mest av framgangen vår på denne måten siden synspunkta våre møter velvilje ute blant folk, men ikke slår igjennom i offisielle organer

Og her begynner jeg å nærme meg poenget mitt: Det er vel og bra (og nødvendig) at vi får oppslutning om synspunkta våre, men denne oppslutninga hjelper ikke mye viss vi ikke kan få utnytta den i offisiell, språkpolitisk sammenheng. Vi må på en eller annen måte markere oss som noe mer enn en stemningsbølge. Her kommer også arbeidsmåten i laget inn; dvs. åssen ressursene i laget skal fordeles på forskjellige oppgaver.

Ser vi på målet for arbeidet vårt, så er det prinsipielt klart, men i praksis litt mer uklart. Det som er klart er prinsipp-programmet vårt, der det står at vi arbeider for ett samlende skriftspråk for alle norske dialekter. Dette skriftspråket skal ha stor valgfrihet i ordvalg og uttrykksmåte, slik at alle norsktalende skal kunne føle seg mest mulig heime i det, og det skal være bygd på det folkelige talemålet i landet. Det prinsipielle er altså klinkende klart, mens det dessverre er litt mer uklart åssen disse prinsippa skal gjennomføres i praksis. Utover framlegget til samlenormal fra 1966, som de fleste av oss i dag vel ikke vil godta i ett og alt, har vi lite konkret å vise fram for oss. Problemet vårt blir altså: Åssen skal vi få markedsført et alternativ som ingen kjenner fullt ut?

Med bakgrunn i det jeg har skrivi til nå, så trur jeg at vi særlig må sette inn kreftene våre på 3 felter:

1. Først og fremst må vi sette i gang med å lage et etter måten utfyllende framlegg til en samnorsk skriftnormal. Den dagen kommer neppe at Språkrådet vedtar å legge prinsipp-programmet vårt til grunn for sitt videre arbeid og nedsetter en komite til å utarbeide et rettskrivingsframlegg etter våre prinsipper; derfor må vi gjøre det sjøl, og jo før jo bedre. Har vi først et konkret framlegg, er det ikke så lett å avfeie oss som idealister, utopister o.l., og det kan da åpne seg muligheter for oss som vi ikke har nå. Dette siste skal jeg komme tilbake til seinere.

Hvilke retningslinjer arbeidet med en slik samlende skriftnormal må følge, er egentlig en diskusjon for seg sjøl, men noen synspunkter skal jeg likevel legge fram. Det er



